

# 1919

## Bonden og Norigs jord

Publisert 1919 i "Kristendom og norskdom. Festskrift til Christopher Brun"

Ein gong var heile folket bønder. Og rådde heilt yver landsens jord. Rådde yver ho; «aatte» ho ikkje. Jordi var natur, var ei gudegåve til alle liksom vatnet, lufti, ljuset. Og folket hadde det trygt på kjensla, at eige kann ein berre det ein sjølv hev «skapt», arbeidt; fram eller avla. Gjenom arbeidet legg eg liksom noko av meg sjølv inn i tingen, gjer tingen til eit produkt av min tanke, min kunst; det som fyrr var natur hev no vorte mitt arbeid; no «eig» eg det. Likeins kann eg bli eigar av annanmanns arbeid, når eg byter det til meg for noko eg sjølv hev gjort. Men jordi er natur; den kann ingen eige — eller som Bibelen segjer: ho høyrer Herren til; og alle hev same retten til å bruka ho.

Eige kann ein berre det som ein vinn ut av jordi ved arbeid. Fiskaren eig den fisken han hev tekje, hjuringen den budrätten han vinn fram, bonden det kornet han avlar; men hjuring og bonde eig ikkje jordi meir enn fiskaren eig vatnet.

Dette var sjølv sagt, til dess jordi langt um lenge fekk eit verde som ikkje var naturskapt. Og det fekk ho, so snart det vart so folksamt i ei bygd, at det var spursmål um rom åt alle. Eller når det kom upp byar, som vart so folkerike, at der vart spursmål um byggjegrunnar. Då kom det upp noko som vart kalla for jordverde eller rettare grunnverde. Men det verdet høyrer og retteleg deim til som hev skapt det. Og skaparen her er ikkje den eller den, men alle, heile det folket som bur i bygdi eller byen: det samfundet, som der hev skipa seg. For grunnverdet veks, ettersom folkemengdi stig; og det veks, så lenge den stig, og held seg, so lenge den held seg, men minkar når den minkar; dei grunnarne, der Babylon eiu gong var bygd er ikkje meir verde no enn dei var fyrr nokon hadde drøymt um noko Babylon.

Det grunnverdet som samfundet skaper høyrer samfundet til; den setningen stend likso fast som at kvar eig det han sjølv avlar. Dei gamle dømde soleis ut frå sitt naturinstinkt heilt rett: til naturi hev alle bruksrett, og like stor bruksrett; og eignedomsrett hev ein til det ein med sitt arbeid fær fram, liksom ved samarbeid alle hev rett til kvar sin fulle part av vinsten, eller, når det gjeld samfundsarbeid, til sin fulle part av den ålmenne baten.

Kor mange tusundår jordi hev vore nytta i sambruk læt seg ikkje segja; men fram-imot den historiske tidi er det mange stader komen upp ein ny, meir «individualistisk» måte: kvar ætt hev fenge sin part av den sams jordi å dyrke. Men det gamle kravet: kvar sin rett; elsk din neste som deg sjølv, — det hev halde seg. Og den lovi var ikkje alltid so lett å fylgje. Soleis hjå oss: skulde vilkåri her bli like, so måtte kvart bruk få sin part av alle jordslag i grendi, frå dei armaste til dei beste, og so kom teigbytingi upp: eit bruk vart so og so mange teigar av dei ymse jordslagi der i grendi. Og dei teigarne kunde liggje rett langt ifrå kvarandre: Men endå let ikkje full rettferd seg nå; det vart då attåt so stelt, at bruki gjekk på umgang millom ætterne, soleis at det som ei hadde havt det eine året fekk ei onnor det neste o.s.fr.; då fyrst vart vilkåri like nok.

Teigbytingi hev halde seg lenge; mange stader var der leivingar etter ho langt ned i vår tid. Men bruk-skiftingi var mindre seigliva. Det hev vore brysamnt å skifte bruk kvart år; oftare og oftare hev då grannar seg-imillom vorte samde um å lata skipnaden frå ifjor gjelde eit eller eit par år til. Etterkvart hev so ætterne meir og meir vakse seg fast til dei bruki dei best lika. Og smått um senn hev det sådan vakse seg fastare band millom ætti og ætte-jordi: Odels-adelen, er

no ut-etter komen upp. Men det ålmenne folket heldt på den gamle jordskipnaden so godt som det skyna og magta.

Frametter ved desse tider tek *militarismen* til å få magt. Sjørøvarflokkar gjer det ufredt på strenderne; landsens folk med det dei kann hava av førarar lyt verja seg; her-menner samlar seg um vikinghovdingar og lands her-førarar (sjø og lands «kongar»); i desse tider vert den gamle bonden meir, og meir undermann i samfundet.

Dei odelsbønderne som er komne mest til magt tek til å søkje seg ny magt og glans i hovdinghall eller i vikingferd; for den vanlege bonden vert dei urolege tiderne brysame nok, serleg i visse strok av landet. Og at jordi høyrer ingen til og bruksretten alle, det vert med kvart hundradår mindre og mindre klårt halde fast.

Skiftande vilkår, ofte tunge og stundom harde, laut bonden freiste; ja det kom tider, då bønder flest var leiglendingar: laut betala for den bruksretten til jordi som fyrr hadde høyrte deim til. Like eins miste dei den gamle sjølvstyrerretten; økonomisk og politisk armod vil fylgjast. Og då bonden utimot våre dagar tok til å vinne seg noko uppatt økonomisk, då laut han kjøpe att den gamle jordretten sin. Jordhandelen var komen igang; jordi hadde vorte privateigedom.

Koss det sidan hev gjenge og gjeng, det veit me. Den velmeinte bondepolitiken vår, som stundom stykkevis og tidvis letta kårer, hev i det heile, mot sin beste vilje, lagt jordi meir og meir inn under pengemagti. Amerika hjelpte ei stund, so lenge jordvilkåri der heldt seg noko so nær naturlege; der er snart likso mange *norsemen* der som i Norig no. I 1914 kom det ein verdskrig med ei syrgjeleg hjelp: dyrtid på matvarur. Men all både «framgang» og attergang hev i dei siste århundradi ført den vegen, at det no med sanning kann bli sagt, at «det gamle bondesamfundet er ikkje meir». Bonden hev vorte spekulant; sjølve «farsgarden hev vorte handelsvare». Og «sonen er på anleggsarbeid, og dotteri tenar i byen».

Spursmålet er då, korleis det heretter skal gå. Men visst er det, at me fær ikkje skikk på samfundsøkonomien (og då ikkje heller på korkje bonde- eller arbeidarsak), fyrr me greier grunnspursmålet i den same økonomien: spursmålet um jordi.

Den økonomien som gjorde ende på det gamle Rom, den råder i vår verd med, og hev ført oss likso langt på nedgangsveg som Rom var kome i den seinare keisartidi. Me hev gløymt at jordi er natur; og det som i tider som vår er verre: me hev enno ikkje lært å skilja millom jordi og det samfundsskapt jord- eller grunnverdet. Dette verdet, som samfundet hev skapt, høyrer sjølvsagt samfundet til; og samfundet skulde draga inn renta av dette verdet og greie utgifterne sine med den. Men me læt samfundsintekti gå til privatfolk: jordherrar, bankar, spekulantar; og frå privatfolk att, små som store, lyt då samfundet taka det som trengst til dei ålmenne utgifterne; med tankeløyse og urett gjeng me fram; og slik «framgang» ber alltid attyver.

Kvar mann skulde skattefritt kunna bruka den jordi han treng; og brukar han grunn (jordi) som hev samfundsskapt verde, so skulde han for det verdet leggje ei avgift til samfundet (ei avgift som han fekk like fyrr gjennom gagnsarbeid frå samfundsside). No lyt han fyrst betala for grunnverdet til private (gjennom ein «kjøpesum») og sidan serskilt for samfundsarbeidet (gjennom «skattar» og «toll»); han må med andre ord betala grunnavgift tvo gonger, — og andre gongen etter eit laust skyn, som gjerne tek so mykje som takande er.

At dette må bera den galne vegen, serleg far bonden, er sjølvsagt; jordi vert altfor dyr. Det gjeng då i «bondelandet Norig» som allstad: bonden søkjer til byen; fyrst og fremst ungdomen. Og det i slik mengd, at der er vel snart ingen by no, av dei større då visst, som ikkje er godtnok «Rom» i proletarvegen. Men vil samfundet hjelpe mot dette ved å skaffe landsfolk billeg jord, so, stig berre jordprisarne.

At Norig mindre og mindre er bondeland vil mange trøyste seg for med den voni, at det vel snart vert eit industriland. Men den økonomiskipnaden som tyngjer jordbruket tyngjer industrien med. Streikekrig og bolschevisme vert det meir og meir av her med, kor sterkt lønerne stig; og det veksande proletariatet tærer på samfundsbudgettet ikkje mindre enn på samfundshelsa.

Einaste rådi mot denne som mot andre sjukdomar er å f å burt sjukdomsorsaki. Men grunn-orsaki her: den range jordskipnaden, er det ikkje mange som hev fenge syn for.

Og endå hev spursmålet lenge vore uppe. I Frankrike arbeidde fysiokratane med det alt i fyrste helvti av 1700-talet; og dei vann so langt, at kongen tok ein fysiokrat til finansminister i den tanken å freiste med å hjelpe folket tilbake til jordi att. Men adelen då, den såg ikkje lenger enn pengeadelen no; Louis XVI vart skræmd; og neste kapitlet i saga vart revolusjonen. Søm lenge såg ut som ein folkerevolusjon, men var og sistpå viste seg å vera ei stands(borgarstands-) reising.

I det 19de hundradåret er det serleg engelske og amerikanske økonomar som hev havt jordspursmålet uppe. Og reformtankar, som på nytt skulde opne vegen til jordi for folket, hev fleire gonger vore framsette: Si mest praktiske og mest gjennomtenkte form fekk jordtanken i Amerika — det landet, som på kort tid hadde gjennomlivt (so i store drag) heile den samfundsøkonomiske historia og soleis gav framifrå vilkår for økonomisk tenkjing — gjennom Henry George. Hans forslag hev på merkeleg kort tid vorte kjent verdi rundt; det er og fleire stader praktisk prøvt, og hev der vist, at det held det det lovar. Og um det sjølvst hev heile den rettruande økonomiske kyrkja imot seg — det gjer jordi til grunnspursmål midt i ei industritid! —, so hev det samla mange av dei økonomisk tenkjande um seg og i snart sagt alle land nyreist arbeidet for ein rettvissamfundsøkonomi på grunnlag av den naturlege jordskipnaden.

Henry George gjeng ut frå tanken um det samfundsskapt grunnverde. Og gjennom utrekning viser han, at dette verdet er større enn nokon drøymer um, og at berre renta av dette verdet er meir enn stor nok til å greie alle rimelege samfundstgifter.

Men i det grunnverdet som samfundet, d. e. alle, skaper, er me alle medeigarar, fullt ut og i same mål. Nyttar me då renta av denne rikdomen rett, so vil kvar og ein få sin part av jordverdet, kva han so driv med. Og når samfundsøkonomien soleis frå grunnen av er skipa på naturleg måte, so vert det rimelege livsvilkår for alle, jamvel for deim som no plar ha verst for å klara seg.

Soleis ikkje minst for bonden. Når jordi ikkje vert noko å spekulere i lenger, av di renta av grunnverde gjeng i samfundskassa, og det soleis ikkje vil løne seg å «sitja burt jord på spekulasjon», so vert det mykje jord fal; jordi vert billegare. Og det vert jord åt fleire og fleire. Smått um senn tek folkemengdi på landet til å auke att. Og folk fær betre råd og meir mod; det vil gå raskare med å dyrke upp Norigs jord, enn um staten kvart år kunde lokke med dyrkingspremiar. Når so den nye skipnaden er gjennomført, vert det slutt med all «jordhandel»; jordi hev vorte det ho i grunnen alltid var: natur og ikkje vare. Og kvar gard eller grunn er å få mot berre sjølv den avgifti av grunnverdet (den grunnskyldi) som samfundet tek inn, og som no er komi heilt i staden for «skattar» og «tall». Då vert vilkåri for bonden fullt so gode som i gamle dagar — grunnskyldi må han nok leggje; men so hev vilkåri elles vorte so mykje lettare —; på nytt er han sjølv og ikkje banken herre yver jordi.

Og samfundet er ikkje jordeigar (ingen kann «eige» natur), men jordstyrar: hev å sjå til, at alle fær jord som vil bruka jord, so lenge som det finst jord ledig. Jord som ligg avsides (langt ifrå veg) vert å få utan avgift; skyld fær ho, når ho ligg soleis til, at ho hev nytte av samfundsarbeid; og skyldi aukar med denne nytta: veks, ettersom jordi (grunnen) ligg: ved veg,

bane, stasjon, hamn, nære ved småby, nære ved større by, i mindre eller større by; og ho veks med byarne, og veks sterkt; i ei storgate i ein av dei rette storbyarne kann ein rutemeter grunn f å større skyld enn ein herregard i den gildaste bygdi. Og allstad må avgifti rette seg etter verdet: *heile* renta av jordverdet må gå i samfundskassa; for det hev vist seg, der George-skipnaden er prøvd, at tek ikkje samfundet heile renta, so tek jordhandlarar straks til å spekulere i det som att er<sup>1</sup>. «Likskap» hev Georgemennene ikkje på saklista si; den held dei for unaturleg og for å stå i strid med fridomskravet (her som i jordspursmålet o. a. er dei heilt usams med socialdemokrat-arne); kravet deira er: menneskjelege vilkår for alle og fridom for kvar til — med rettvise råder — å vinne seg so langt fram som han hev evne til.

— So vidt som eg skynar er det her, den økonomiske framvegen gjeng. Og tider er komne, då det gjeld å finne framvegen.

At det økonomiske ikkje er «det største» er sant. Men likso sant er det, at det er «det fyrste». Me kann tenkje oss samfundet som eit byggverk; då er økonomien grunnmuren; er den i stand, kann ein byggje med godt mod; er han *ikkje* i rett stand, so vil byggverket ikkje bli større enn eit hus på sandgrunn. Økonomiske ovtider svæver folket; økonomiske utider tvingar det ned i matsut og matstræv; i siste tilfelle vert folkeåkeren ei myr og i fyrste ein steingrunn; lite vil det i baa tilfelle nytte å så.

Men det som åndeleg og moralsk er det fyrste i samfundet er gode heimar. Eller når heimen, som i desse tider, veiknar av: gode barne- og ungdomsskular. I bån og ungdom veks til kvar tid framtidi; og med den fær ein arbeide best ein kann, anten det ser so eller so ut. Og godt er det for norsk ungdom, at me i skulevegen hev havt ein fyregangar og grunnleggjar som Christopher Bruun; etter hans arbeid gror det, trass i alt me hevt havt og enno hev av motstræv og motvilje mot det arbeidet som han gav program for.

---

<sup>1</sup> Skipnaden er prøvd — eller heilt gjennomført — sumstad i Kanada, Sudamerika, Engelsk Australia; andre stader, som i Kalifornia og ein og annan av sambandsstatarne, arbeider dei med å få 'n innført. Men di meir pengemagt, di meir motstand. I Europa var England og Danmark komne lengst med grunnskyldsaki; men so kom krigen; no stend då Danmark fremst. Hjø oss hev Bonde- og småbrukarlaget teke upp tanken.